



Radøy kommune v/ ordfører
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dato: 12.02.2015
Vår ref.: 2015/1822-1
Saksbehandlar: pernord1
Dykkar ref.:

Møte 11.02.2015 mellom Radøy kommune og regionalavdelinga, Hordaland fylkeskommune. Referat

Tema: Samfunnsutvikling og næringsutvikling i Radøy kommune – Organisering, samarbeid, omfang, kompetanse, økonomisk stønad m.m.

Deltakarar:

Radøy kommune

Jon Askeland	ordfører
Jarle Landås	rådmann
Lisbeth Alvær	kommunalsjef drift og forvaltning

Regionalavdelinga, HFK

Bård Sandal	fylkesdirektør regional utvikling
Kari Øvsthus	seniorrådgjevar, planseksjonen (tettstadkoordinator)
Kari Patricia Kleppe	spesialrådgjevar, næringsseksjonen,
Anne Mette Nesje Porten	spesialrådgjevar, folkehelse
Hans Inge Gloppen	seniorrådgjevar, næringsseksjonen
Anne Kathrine Vabø	spesialrådgjevar, planseksjonen (planansvar Radøy kommune)
Per Nordmark	seniorrådgjevar, planseksjonen

REFERAT

Oppsummering:

Partnerskapsmidlar: Søk partnerskapsmidlar raskt – ingen søknadsfrist, avgrensa midlar. Men OBS! – må brukast i løpet av kalenderåret.

Føremål: Mulighetsstudie for Manger. Send forslag til søknad/ta ein telefon for kommentarar før endeleg innsending. Bør leggast opp som brei deltakingsprosess med innbyggjarane, m/styringsgruppe, prosjekt- eller arbeidsgruppe og referansegruppe. Bør rekna min 3 mnd til studien etter oppstart for å få involvert ulike aktørar lokalt.

Det vert relevant informasjon på tettstadkonferanse 14. -15. april i Norheimsund, - kommunen vert oppmoda om å delta politisk og administrativt.

Kontaktpersoner: Anne-Kathrine Vabø og Kari Øvsthus.

HNH søknad. Forslag: Søk om eit 3-årig prosjekt. Forslag til tittel: *Kystsentera si utvikling og tilknytning til regionsenteret Knarvik*. Relater dette til bu- og arbeidsregion. Søk om brøk av ein stilling. Peik på kva det er behov for. Knyt prosjektet t.d. til tre kommunar. Knyt prosjektet til omdømeprosjektet som er gjort i Nordhordland.

Bygg på «Senterplanen», «Bergensområdeplanen» og eit prosjekt i Nordhordland.

Fylket vil om det er ønskje delta i prosjektgrupper/referansegrupper. Dette må vurderast/ utgreiast vidare.

Kontaktperson: Kari Patricia Kleppe

Folkehelse: Kommunen har budsjettmidlar til turløyper. Kommunen bør setja dette i samband med utvikling av Manger sentrum. Å tenkja folkehelse er å tenkja heilheit. Tilskot til folkehelsearbeid i kommunar har søknadsfrist 1. september. Det kan søkjast om 75 000, 100 000, 150 000; tre satsar avhengig av innbyggjartal (kriterier vart delt ut i møte). Det vert tilrådd at kommunen samlar alle frivillige organisasjonar til eit felles møte og informer om søknadsmogelegheiter. 2015 er friluftslivets år. Det er søkbare midlar til arrangement i 2015. Desse kan ein mellom anna finne under tilskotsordningane til Hordaland fylkeskommune og lokale friluftstiltak.

Kontaktperson: Anne Mette Nesje Porten

Breiband: Radøy sender ny søknad. Hans Inge Gloppen følgjer opp dette med Radøy kommune/ Harald Stanghelle.

Kontaktperson: Hans Inge Gloppen

Utbyggingsavtalar

Utbyggingsavtalar er generelt viktig for gjennomføring av arealplanar. Radøy skaffar seg kompetanse om utbyggingsavtalar. Utbyggingsavtalar er tema på plannettverksmøte 19.02.2015. Kommunen vert tilrådd å delta.

Kontaktperson: Per Nordmark

Oppfølgingsmøte

Radøy ønskjer eit oppfølgingsmøte med regionalavdelinga om ca 2 mnd. Hfk er positive til dette! Radøy tar kontakt for å gjera avtale.

Kontaktperson: Per Nordmark

Frå Møtet:

Innleiing ved fylkesdirektør

Fylkesdirektør regional utvikling Bård Sandal ønskte velkomen. Han viste til nyleg vedteken regional plan for attraktive senter i Hordaland, andre vedtekne regionale planar og regionale

planar under arbeid. Hordaland fylkeskommune har som målsetjing å bidra aktivt til utvikling av heile Hordaland, ved å vera offensiv, i dialog og kompetent!
Regionalavdelinga arbeider breitt og er difor representert med mange i dette møtet.

Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNN): Fylkesutvalet skal i sitt neste møte gjera eit rammevedtak om pengebruk i 2015. Det er redusert tildeling og fylkeskommunen må spissa verkemidlane. Økonomisk støtte skal vera oppstartshjelp, og løfta opp prosjekt i 3 år, maks 5 år.

Vi må skilja meir enn før mellom det som er midlar til drift og det som er søkbare midlar, - prøver å skjerma søkbare midlar. Dette er midlar t.d. til samfunnsutvikling, næringsutvikling, regional utvikling. Hfk må ha den regionale inngangen i ein søknad.

Nordhordland er relativt dårlege til å søkja midlar, medan Sunnhordland er gode og Hardanger ekstremt gode.

Midlane til fylkeskommunen kjem frå fire departement, der prioriteringane no er at det skal fokuserast meir på Byregionane, og på område der det alt er verdiskaping, og mindre innsats der det skal skapast nytt. Regionsenter skal prioriterast.

Fylkestinget har vedteke å avvikla LivOGLyst-programmet, dette sjølv om evalueringa var god. HFK vil likevel vidareføre denne satsinga på andre måtar.

Introduksjon ved ordførar Radøy

Ordførar Jon Askeland orienterte om korleis Radøy har jobba i seinare år og stilte spørsmålet: Kva er samfunnsutvikling i ein kommune? Radøy sitt svar har vore: Den viktigaste næringsutviklinga er den kommunale kjerneverksemda. Kåringa som Årets barne- og ungdomskommune er eit døme på at det er oppnådd gode resultat. Kommunen har og gode tenester innan helse og omsorg, med ein klar etisk standard.

Kommunen hadde ein flat struktur, men har no endra dette til å ha kommunalsjefar, og ved det gitt rådmannen større kapasitet. Kommunen har små ressursar; «lever på den statlege akkorden», men skal ikkje la seg stoppa av dårleg økonomi, - kommunen må vera offensiv og gjera det ein kan med tilgjengelege ressursar!

Radøy er ein pendlarkommune, men det skjer mykje innan næringslivet i Radøy sør. Utfordringa er særleg områda frå Manger og nordover. Kommunen har satsa på Manger der all kommunal aktivitet er lokalisert, med unntak av distriktsskular. Radøy går truleg inn i samarbeid med Lindås og Meland, men dette er ein pågåande prosess som ikkje er avslutta. Det er aktuelt å få til ein felles næringstilretteleggingsstilling, - men er det utelukkande ein næringsutviklingsaktør ein skal satsa på, eller skal tema vera litt breiare? Radøy har ein del engasjement innan lokalmat, t.d. fiskemottak for kvitfisk i Bøvågen. Kommunen er og ein landbrukskommune.

Kommunestyret er no klar for å ha samfunns- og næringsutvikling som eit satsingsområde.

Innspel ved rådmannen Radøy

Rådmannen har i sine tre år i Radøy jobba med organisasjonen. Det er vilje og evne til å jobba vidare med dette, men økonomien er veldig dårleg. Radøy er og litt i skuggen av nabokommunane. Det er arbeidsinnvandring som har vore det som har gitt positiv vekst dei seinaste åra. No er det behov for å «booste opp Radøysamfunnet»

Kommunen treng og tilrettelegging av nye næringsareal. Og ein må sjå ting i ein heilskap! Meiner kommunen er best på næringsutvikling når ein er best på tenesteproduksjon. Kva type inspirator treng ein?

Innspel og meningsutveksling:

Bård Sandal: - HFK har to utfordringar:

- Vi kan ikkje gå inn og finansiera stillingar i ein enkeltkommune. Dette går både på det formelle og på at det kan gje presedens for 32 andre kommunar.
- Fylkeskommunale midlar bør brukast slik at det får effekt i meir enn ein kommune – gjev noko tilbake til fleire.

Kommunen bør tenkja ut over eigen kommune: Rigg eit utviklingsprosjekt der kommunen tar det lønnsmessige, så kan vi (hfk) laga eit tre-årig prosjekt.

Hfk har fleire inngangar for å bidra; både kompetanse og midlar.

Eit råd til kommunen: Kommunen har nokre hårete mål. Kommunen må jobba med å setja konkrete mål, jobba strategisk og prioritera.

Jon Askeland: Eit grunnlag kan vera å finna den naturlege bu- og arbeidsregionen, kommunegrensene kan verta litt snevert. I eit prosjekt kan ein sjå på tettstadane i Nordhordland; t.d. Fedje, Årås, Lindås, Rossland m.fl?

Det er laga eit omdømeprosjekt i Nordhordland innanfor BRB. Dette går m.a. på å fortelja det som kjenneteiknar strilakulturen; det positive – stå-på-evna og viljen. Kan Radøy vera navet i dette prosjektet?

Frivilligheit: Det vert bygd felles hus ved idrettsbana, med øvingslokale for korps i 2. etg. Det er fokus på å samla ressursane og få synergjar.

Ved lokalisering til Manger la Vinmonopolet vekt på avstand, - og på at her er eit stort potensiale i hyttene i området. Mange brukar hyttene i lange periodar. Dette må utnyttast.

Peikar på Manger kai. Denne kan utviklast med gjestebryggjer, og er i gangavstand til Manger sentrum.

Hans Inge Gloppen: Næringsbiten - Breiband. Det vert no ny runde med utlysing – førre søknad frå Radøy kom ikkje med grunna formalia. Send ny søknad. Det vert utlysing i månadsskiftet februar/mars. Søknadsfrist er midt i mai. Søknaden kan med fordel utformast for fleire kommunar, men ein kommune må stå som søkjar.

HNH kan ikkje finansiera stillingar, men utforming av søknaden er viktig. Støtte skal bidra til å løfta kompetanse i utvikling og innovasjon.

Gloppen var i næringshagen i Austrheim. Her er ein stillingsfunksjon på lokalmat. Bra samarbeid med landbrukskontoret i Radøy. Dette kan vera grunnlag for eit utviklingsprosjekt.

Fedje er ein omstillingskommune og har fått 1,2 mill. i 2014. Fedje Satsar på turisme på øya, men er utfordra til å tenkja ut over øya. Radøy – snakk med Fedje.

Kari Øvsthus: Det er for låg sjølvtilitt i dette fylket». Viktig å jobba med synlege prosjekt som kan realiserast.

Kommunen bør prioritera nokre få ting, og så gjennomføra desse, som fyrste signal på ein langsiktig prosess. Nyheitsblad frå kommunen – presentera ting i lokalavisa? «Ha Radøy i handa» - viste eksempel på gode bøker som presenterer lokale kvalitetar.

Manger er ei perle som kan foredlast. Viktig er samlingspunkta! Ein kan starta med bustader i sentrum, og så nokre fokuspunkt, - som å skapa eit samlande midtpunkt i sentrum. Den sentrale plassen «torget», som det alt er laga forprosjekt for, er eit skjeldan godt eksempel for å skapa ein god møtestad for mange ulike grupper – og for ulike aktivitetar.

Det er viktig å få til eit motiveringsprosjekt. Os jobbar veldig bra på denne måten p.t. - med å tenkja revitalisering og utvikling av sentrum. Ha identitetsprosessar! Få aktørar til å koma med forretningsideane sine. Motiver dei, og gje dei mogelegheiter.

Viktig: «Små synlege suksessar straks!»

Kom på tettstadkonferansen i Norheimsund i april. De kan få mykje intensiv kunnskap på kort tid; effektiv kunnskapsinnhenting, og møtestad med andre kommunar. Ta med politiske og administrative representantar.

Det bør vera eit oppfølgingsmøte etter dette møtet.

Anne Mette Nesje Porten: «Boost frivilligheita». Frivillegheitssentralen.

Det er ein del finansieringsordningar under folkehelse med søknadsfrist 1. september.

Kultur og idrett: Her er tilskotsordningar, - kommunen kan søkja meir.

Eksempel i Skogsvåg: SFO med bruk av dugnad. Helsedirektoratet har gitt midlar.

Kari Patricia Kleppe: Tiltak må ha kvalitet for å overleva, - tiltaket må overleva av seg sjølv.

Korleis får ein det frivillige som ressurs?

Viktig å skapa forankring og eigarskap for felles utvikling. Opne møtestader og brei involvering av innbyggjarar, næring, det frivillige kan stimulere til samhandling og tiltak som kan starte som dugnad og over tid kan utviklast til næring. Fedje har slik nyleg fått eit bibliotek på kaien. Austevoll fekk slik utvikla eit bakeri med åtte arbeidsplasser.

Mange som tør å ta tak er hyttefolk eller innflyttarar. Slike er ofte ein kjemperessurs.

Innbyggjarane ser på bu- og arbeidsregionar og ikkje på kommunegrenser.

Lindåsbygda har eit LivOGLyst-prosjekt, det same har Fedje. Begge for å revitalisera sentrumsfunksjoner med handel, møtestader og næring. Dette kan ein byggja på.

Næringsareal: Kva krav er det no som vert stilt i forhold til før! Kva type næring ser ein for seg i sentrum, i sjø og arealkrevjande landbasert.

Kva er/blir kystregionen i Nordhordland sine bu- og arbeidsområder?

Det er viktig å skapa ein utviklingskultur i kommunen som er breitt forankra politisk/ administrativt i kommunen, næringslivet og innbyggjarane. Sykkylven er godt eksempel som ein kan studera og ta lærdom av. Kjent som kommunen med skaparglede og godt samarbeid med næringsliv og innbyggjarar. <http://distriktssenteret.no/2014/08/20/skaparglede-sykkylven/>

Utbyggingsavtalar er viktig for å få realisert planer. Kommunen vil slik skapa føreseielege føresetnader for investorar og sikre kvalitet til innbyggjarane. Kommunen bør setja seg inn i dette.

Anne-Katrine Vabø: Stadanalysar vil vera eit nyttig reiskap. Kva skal Radøy vera i eit framtidig Nordhordland? Stønad gjennom partnerskapsmidlar er aktuelt. Det er avgrensa midlar og ingen søknadsfrist, så søk raskt.

Per Nordmark: Samfunnsutvikling vert lett nedprioritert i konkurranse med drift i kommunane. Viktig at det vert prioritert ressursar til samfunnsutvikling, som kan gje gevinstar tilbake til samfunnet. Viktig at kommunen har kapasitet til å utløysa ressursar og innsats frå ulike aktørar, og til å styra dette.

Per Nordmark
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.